



Dato: 18.11.2008
Arkivref: 2008/2296-
22860/2008 / 000

Saksbehandlar: Sverre Olav Svarstad
53 42 30 52
sverre-olav.svarstad@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
121/08	Formannskapet	25.11.2008

**HØYRINGSUTTALE OM AVGRENsing AV HØVE TIL Å SKRIVE UT
EIGEDOMSSKATT TIL GRUNNLINJENE - SJØOMRÅDA**
Saksprotokoll i Formannskapet - 25.11.2008

Vedtak:

Formannskapet gjorde samrøystes **vedtak** i samsvar med rådmannen sitt framlegg

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Bømlo kommune støttar fullt ut vedtaket frå KS sitt hovestyre den 14.05.08 om å gå imot at staten avgrensar område for eigedomsskatt i sjø innafor territorialgrensa og i kystsona.

Dokument i saka:

Høyring – forslag om grense for utskriving av eigedomsskatt i sjøområdet, brev frå Deg Kongelege Finansdepartement datert 20.10.08
Høyringsuttale frå KS, datert 02.11.08.

Bakgrunn for saka:

Finansdepartementet uttalte i Ot.prp nr 1 (2007 – 2008) at dei ville vurdere endringar og avklaringar i eigedomsskattelova med omsyn til kor langt ut i sjøområda kommunane sitt høve til å skrive ut eigedomsskatt strekkjer seg.

Finansdepartementet har presentert i eit høyringsnotat forslag om endringar av eigedomsskattelova, slik at grensene for kor langt kommunane har høve til å skrive ut eigedomsskatt i sjøområda vert trekt ved grunnlinja.

KS har i laga eit høyringsnotat til Finansdepartementet og har sendt kopi til kommunane, med sterk oppfordring om å laga egne høyringsuttalar. Fristen for slik høyringsuttale er sett til 02.12.08.

Vurderingar:

I dag set eigedomsskattelova grensa for utskriving av eigedomsskatt i sjø til territorialgrensa. KS har i si fråsegn gjev ei grundig vurdering av Finansdepartementet sitt forslag og andre relevante moment i saka. Rådmannen syner til dokumentasjonen i KS sitt vedlagte høyringsnotat. Bømlo kommune kan trygt innestå for, og slutta seg til dei grunngevingar som KS har gjeve i saka. For Bømlo kommune kan dette få konsekvensar dersom kommunen vel å innføre eigedomsskatt, og kan derfor føre til ei svekking både av instituttet eigedomsskatt og kommuneøkonomien. I alle fall for dei kystkommunar som har innført eigedomsskatt. Rådmannen vil spesielt trekke fram følgjande punkt frå KS sitt høyringsnotat der KS meiner:

- At høyringsframlegget frå Finansdepartementet byggjer på ein urett føresetnad om retten til å skrive ut eigedomsskatt i sjøområdet er rettsleg uviss.
- At høyringsframlegget byggjer på ein urett føresetnad om at praksis om utskriving av eigedomsskatt i sjøen ikkje er eintydig.
- At det vil vera prinsipielt uheldig dersom kommunane berre får høve til å skrive ut eigedomsskatt i deler av sitt territorium.
- At omsynet til moglege grensekonfliktar mellom kommunane ikkje kan grunnje at område for utskriving av eigedomsskatt vert innsnevra.
- At grunngevinga for eigedomsskatt ikkje tilseier ei slik avgrensing som er føreslått.
- At framlegget vil føre til ein skattemessig ulik handsaming av næringsverksemd i sjø og kan føre til skattemotiverte disposisjonar.
- At framlegget vil føre til vesentleg svekking av kommunane sitt inntekspotensiale, utan at det fører til styrking av kommuneøkonomien til andre kystkommunar.
- At ikraftsetjing med verknad for skatteåret 2009 under alle omstende er for tidleg.

Fråsegn frå eldrerådet:

Ikkje aktuelt i denne saka.

Fråsegn frå råd for likestilling av funksjonshemma i Bømlo kommune:

Ikkje aktuelt i denne saka.

Økonomiske konsekvensar:

Vanskeleg å fastslå på noverande tidspunkt.

Miljømessige konsekvensar:

Ingen

Beredskap- og samfunnstryggleik:

Ingen

Oppsummering og konklusjon:

KS har gjeve ein grundig uttale om dette framlegget. Bømlo er ein kystkommune og dersom kommunen vel å innføre eigedomsskatt, vil dette framlegget frå finansdepartementet kunne vera med å svekke inntekspotensiale for kommunen. Rådmannen kan ikkje sjå noko grunnlag for ikkje å gje sin støtte til KS sin høyringsuttale. Det er KS sitt eigedomsskatteforum som står for utgreiinga og Hovedstyret i KS gjorde følgjande vedtak den 14.05.2008:

- *KS går mot ethvert forsøk på å frata kommunene retten til å beslutte om det skal være eiendomsskatt i kommunen, og om den skal gjelde hele eller deler av kommunen.*
- *KS motsetter seg derfor at staten begrenser eiendomsskattens område i sjøen innenfor territorialgrensen og i kystsonen.*